

Kva kan vi lære av Keynes?

Rethinking Economics 21.01.2017

Rune Skarstein
NTNU

«Forord»

«The ideas which are here expressed so laboriously are extremely simple and should be obvious. The difficulty lies, not in the new ideas, but in escaping from the old ones, which ramify, for those brought up as most of us have been, into every corner of our minds.»

J.M. Keynes i forordet til GT

(skrive 13.12.1935)

Nokre grunntrekk ved Keynes' (keynesiansk) teori

1. I ein kapitalistisk økonomi er det er (nesten) alltid arbeidsløyse og ledig fysisk produksjonskapasitet. **Full sysselsetting og full kapasitetsutnytting «på lang sikt» er ein nyklassisk modellfiksjon, eit artefakt.**

2. Makroøkonomiske storleikar (investeringar, samla inntekt, konsum, sparing) kan ikkje bli avleia av individuell åtferd i økonomien. Alan Kirman: **«There is no more misleading description in modern economics than the so-called microfoundations of macroeconomics which in fact describe the behaviour of the consumption and production sector by the behaviour of one individual or firm. If we aggregate over several individuals, such a model is unjustified. (...) There is simply no direct relation between individual and collective behaviour»** (Kirman 1992, 2010).

3. Produksjon og sysselsetting blir bestemt av **den effektive etterspørselen** i økonomien.

Sysselsettinga er nesten alltid etterspørselsbestemt, av bedriftene sin etterspørsel etter arbeidskraft. Ved den rådande pengelønna kan bedriftene kjøpe så mykje arbeidskraft dei ønskjer. Det betyr **ufrivillig arbeidsløyse**.

Den effektive etterspørselen blir bestemt gjennom multiplikatorproessen av (endringar i) **realinvesteringane**: «... *the change in the amount of employment will be a function of the net change in the amount of investment*» (GT, s. 113).

Gjennom denne prosessen innstiller inntektsnivået seg slik at sparinga blir lik investeringane, eller samsvarer med investeringane og handelsbalansen i ein open økonomi.

4. Konsumfunksjonen må, slik Keynes gjorde, oppfattast som ein makroøkonomisk regularitet, eit empirisk datum.

Grupper med låg inntekt brukar ein større del av si inntekt til konsum enn dei rikare. Keynes foreslo derfor at når rentereduksjonar ikkje stimulerer investeringar og effektiv etterspørsel, må staten ta «***drastic steps by redistributing incomes or otherwise, to stimulate the propensity to consume***» (GT, s. 321).

5. Sparinga er ein **passiv variabel** som tilpassar seg investeringane gjennom endring i total inntekt og sysselsetting: «***Saving, in fact, is a mere residual***» (GT, s. 64). Årsakskjeda går ikkje frå sparing til investering, men omvendt, frå investering til sparing.

Som sagt: I ein open økonomi vil sparinga tilpasse seg investeringsvolumet og overskotet/underskotet på handelsbalansen.

Grunntrekk

- 6. Sparing** er relatert til **løpande inntekt**. Inntekta må ligge «på bordet» før personar eller verksemdar kan vurdere kor mykje dei eventuelt vil spare. Samfunnsklassar med høg inntekt sparer ein langt større del av si inntekt enn grupper med lågare inntekter.

«Sparing» kan skje som reint finansiell sparing (kopla frå produksjonssfæren) knytt til prisstiging på ulike typar aktiva, som aksjar, obligasjonar, alskens «spareprodukt» og derivat, og – ikkje minst i vårt land – stigande bustadsprisar. (For store grupper i Norge, men også andre land, fungerer bustader faktisk som eit finansielt aktivum.)

Investering og sparing er ikkje berre ulike økonomiske handlingar. Dei er også resultat av fundamentalt **ulike økonomiske tildriv**.

7. Investeringane (i produksjonsmiddel) er drivkrafta i økonomien. Dei har svært liten samanheng med løpande inntekter og er derimot bestemte av **venta (prognostisert) framtidig profitt**. Desse prospektive inntektene varierer med endringar i lånerenter, investeringskostnader, prognostisert prisutvikling og valutakurs og, ikkje minst, både den generelle etterspørselsutviklinga og endringar i etterspørselen innan den aktuelle sektoren. **Generell og moderat prisvekst stimulerer realinvesteringane, medan generell prisnedgang har ein sterkt negativ effekt.**

Spesielt i investeringsteorien spelar **usikkerheit (*uncertainty*)** ei nøkkelrolle: Usikre prognosar om framtidige inntektsstraumar. Usikkerheit er ikkje sannsyn eller kalkulerbar risiko (med ei eller anna sannsynsfordeling). **Usikkerheit er fundamentalt ukalkulerbar: «*We simply do not know*».** (Keynes 1937, s. 213-214).

«Keynes without uncertainty is something like Hamlet without the Prince»

(Minsky 1975, s. 55)

Usikkerheit er knytt både til børsen (aksjar og andre verdipapir), finanssystemet generelt og investeringar i realøkonomien. Profittfall fører til børsfall og kredittørke, som fører til ytterlegare profittfall. Det kan oppstå ein sjølvforsterkande prosess.

Keynes konkluderer at i liberaliserte kapitalistiske økonomiar vil **«avoidance of wide fluctuations in employment ... prove impossible without a far-reaching change in the psychology of investment markets such as there is no reason to expect. I conclude that the duty of ordering the current volume of investment cannot safely be left i private hands. (...) I expect to see the state ... taking an ever greater responsibility for directly organising investment»**

(GT, s. 319-320, 164).

8. **Lønnsforhandlingar** dreier seg om **pengelønningar**. Dessutan:
«... the struggle about money-wages primarily affects the distribution of the aggregate real wage between different labour-groups and not its average amount per unit of employment. (...) The effect of combination on the part of a group of workers is to protect their relative real wage. The general level of real wages depends on other forces in the economic system» (GT, s. 14). I ein situasjon med arbeidsløyse vil kutt i pengelønningane medføre endå lågare effektiv etterspørsel og kan ende i ein **deflasjonsspiral**.
9. Kapitalistiske industribedrifter reagerer på endra effektiv etterspørsel i hovudsak ved å endre produksjonsvolumet. Industribedriftene praktiserer «mark-up»-prising.
N.B! Til slutt **avviste** Keynes den nyklassiske tesen om grensekostnadsprising og **kontrasyklisk reallønnsending** (jf. Keynes 1939).

10. Moderat generell prisvekst stimulerer realinvesteringar, etterspørsel, produksjon og sysselsetting, reduserer realverdien av finansformuar og aukar verdien på produktive aktiva.

Deflasjon er farleg: Fall i effektiv etterspørsel, profittfall, fall i investeringane, auka arbeidsløyse, lønnsfall, auka relativ verdi på finansielle aktiva, omfordeling av formuar frå produktiv kapital til finanskapital.

11. **Bankane** er ikkje berre passive institusjonar som tek imot innskot og låner ut pengar og tener ein margin på slik verksemd. **Bankane er profittsøkjande kapitalistiske verksemdar.** Dei spekulerer bl.a. ved å refinansiere sine aktiva (utlån) gjennom eigne låneopptak og handel med verdipapir (obligasjonar, aksjar, finansielle derivat):

«As the organisation of investment markets [aksjemarknadene] improves, the risk of the predominance of speculation does, however, increase» (GT, s. 158).

12. Keynes skil mellom to prissystem: **Prisane på vanelege produserte varer/tenester** og **prisane på finansielle aktiva (verdipapir)**. Prisane på finansielle aktiva er svært ustabile og kan auke/minke sterkt sjølv om vareprisane er relativt stabile.

13. Keynes skil mellom låntakars risiko og långivars risiko:

«During a boom the popular estimation of both these risks, both the borrower's risk and the lender's risk, is apt to become unusually and imprudently low» (GT, s. 145).

M.a.o.: Under det økonomiske oppsvinget aukar graden av lånefinansiering av investeringar (inklusive finansinvesteringar) og konsum.

14. Økonomiske kriser skuldast ikkje «eksogene sjokk» (jf. t.d. Robert Lucas), men **endogene prosessar i økonomien**. Under det økonomiske oppsvinget skjer ein rask prisauke på finansielle aktiva. Samtidig aukar risikoviljen og lånefinansieringa både i realøkonomien og i finanssektoren. Oppgangen munnar ut i sviktande inntektsstraumar i forhold til krav til betening av lån, som fører til insolvens og finansiell kollaps:

«... a significant element in my theory [is] why booms carry within them the seeds of their own destruction» (Keynes 1937, s, 210).

Nokre litteraturhint:

- * Keynes, J.M., *Allmenn om sysselsetting, rente og penger*, Vidarforlaget 2011. Oversatt av Roman Linneberg Eliassen.
- * Keynes, «The General Theory of Employment», *The Quarterly Journal of Economics*, Februar 1937, s. 209-223. På norsk som tillegg i «Allmenn teori ...», s. 430-417.
- * Keynes, J.M., «Relative movements in real wages and output», *The Economic Journal*, vol. 49, March 1939, s. 34-51.
- * Keynes, J.M, *The Essential Keynes*, Edited and with an Introduction by Robert Skidelsky, Penguin books, 2015.
- * Kalecki, Michal, *Selected Essays on the Dynamics of the Capitalist Economy 1933-1970*, Cambridge U.P., 1971.
- * Kirman, Alan (1992), “Whom or what does the representative individual represent?“, *Journal of Economic Perspectives*, vol. 6, no.2, pp. 117–136.
- * Kirman, Alan, «The Economic Crisis is a Crisis of Economic Theory», *CESifo Economic Studies*, vol. 56, no. 4, 2010, s. 498-535.
- * Krugman, Paul, «How did Economists get it so wrong?», *The New York Times*, 6 September, 2009.
- * Leijonhufvud, Axel, «Two systemic problems», *Centre for Economic Policy Research – Policy Insight*, No. 29, January 2009.
- * Minsky, Hyman P., *John Maynard Keynes*, McGraw-Hill, New York, 2008.
- * Pasinetti, Luigi, *Keynes and the Cambridge Keynesians – A ‘Revolution in Economics’ to be Accomplished*, Cambridge University Press, Cambridge 2007.
- * Robinson, Joan, *Contributions to Modern Economics*, Basil Blackwell, Oxford 1978.
- * Skidelsky, Robert, *Keynes: The Return of the Master*, Penguin Books, 2010.
- * Skarstein, R., «Keynes’ forrødte revolusjon», *Agora*, nr. 2-3, 2012, s. 292-326.
- * Werner, Richard A., *New Paradigm in Macroeconomics*, Palgrave/MacMillan, 2005.
- * Vickrey, William S., *Full Employment and Price Stability* (eds M. Forstater and P.R. Tcherneva), Edward Elgar, Cheltenham 2004.
- * Wray, L. Randall, *Modern Money Theory*, 2nd edition, Palgrave/MacMillan, 2015.